



ULLENSVANG KOMMUNE
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Saksbehandlar, innvalstelefon



Nicolas J. I. Rodriguez, 5557 2184

Fråsegn til oppstart - Ullensvang - 331/1 4 31 71 154 155 160 - Tryglavik - reguleringsplan

Vi viser til dykkar brev 28. november 2022 med melding om oppstart av detaljreguleringsplan for Tryglavik (dykkar ref. PlanID: 46182022006, saksnummer 2022/3311). Uttalefristen til oppstartsmeldinga er fredag 20. januar 2023.

Bakgrunn

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for biogassanlegg og andre næringsverksemdar. I oversendingsbrevet blir det vist til at det skal leggjast til rette for utfylling i sjø og etablering av kai. Det blir vidare skrive at det primært er husdyrgjødsel og fiskeslam som er tenkt nytta til eit biogassanlegg i Tryglavik.



Til venstre, utsnitt frå arealdelen til kommuneplanen for Jondal kommune. Til høgre, avgrensing av planområdet for detaljregulering Tryglavik.



Luftfoto frå området 2022 (Kjelde: Statens kartverk)

Planstatus

I arealdelen til kommuneplanen for Jondal kommune 2012-2022 (vedtatt 19.12.2012), så er det aktuelle arealet sett av til «Næringsverksemd» (N6). I føresegnene 1.07 til KPA går det fram at innanfor området kan det i hovudtrekk etablerast fylgjande aktivitetar: «N6-Tryglavik (F). Massetak/massedeponi, tungindustri, djupvasskai». I konsekvensutgreiinga i samband med KPA, s. 60, så er det aktuelle arealet omtalt som «Område 30. Tryglavik. Kartreferanse N 6». I tilrådinga i konsekvensutgreiinga blei det for dette arealet vist til: «Etter ei samla vurdering vert det tilrådd å leggja det aktuelle området ut til Næringsareal.v — skiferdrift. ROS-analyse må utarbeidast i samband med reguleringsplan». Arealet som er satt av til «Næringsverksemd» i KPA grenser mot fv. 550, og forslaget til planavgrensing for detaljreguleringsplanen femner også om fv. 550. Det er også markert farsesoner H310 «ras- og skredfare», som overlappar med arealet for «Næringsverksemd» i sør og i nord. Aust for fv. 550 er det markert omsynssone for «Bevaring av naturmiljø» (H560_16), og her ligg Gullbergnotten naturreservat.

Sjøarealet som grensar til det føreslåtte planområdet er sett av til «Kombinerte føremål i sjø» og underføremålet «Fiske, ferdsel, natur- og friluftsliv» (FFNF).

I sakoversendinga frå Ullensvang kommune går det fram at det ikkje er utarbeidd reguleringsplan for området tidlegare.



Vurdering

Utgreiingsnivå

Ullensvang kommune vurderer at planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR-2017-06-21-854) §§ 8 og 10, jf. vedlegg II nr. 10 a) «Utviklingsprosjekter for industriområder». I avsnitt 5.6 blir det vist til at følgjande tema skal utgreiast: landskap, friluftsliv og naturmangfald (land og sjø).

Overordna skal konsekvensutgreiingsarbeidet leggje fram avgjerdsrelevant kunnskap og informasjon, som skal gjere det mogleg å ta stilling til om planen lèt seg gjennomføre, og eventuelt på kva vilkår planen kan gjennomførast. Vi viser til at dersom det manglar informasjon om viktige forhold i høve planforslaget, så skal ny informasjon hentast inn som del av konsekvensutgreiingsarbeidet, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17. Verknaden for nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål er relevant og må gjerast greie for, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 21. Usikkerheit og kunnskapsmanglar som kan påverke samanstillinga av informasjonen skal også gjerast greie for, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 22.

Samfunnsnyttan av prosjektet må gjerast greie for i avgjerdsgrunnlaget, og det må skildrast kva tiltak som er planlagt for «å unngå, begrense, istandsette og hvis mulig kompensere for vesentlige skadevirkningar for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen», jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 23.

Vi viser til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sin «Veileder om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningsloven» (29.06.2021):

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-om-konsekvensutredning-for-planer-etterplan-og-bygningsloven/id2864622/>

I planarbeidet skal det gjerast greie for verknader for miljø- og samfunnsinteresser.

Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast med omsyn til konsekvensutgreiingsforskrifta kap. 5. For tema som gjeld klima og miljø i konsekvensutgreiingar viser vi til rettleiar frå Miljødirektoratet (M-1941):

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/konsekvensutredninger/>

I rettleiaren om konsekvensutgreiingar (KDD, 29.06.2021) blir det peika på at: «Kravene til utredningar av reguleringsplaner for gjennomføring av konkrete tiltak, er mer detaljerte enn kravene til utredning av overordnede planer». I KPA er det ikkje tatt stilling til eller utgreidd for den spesifikke industriverksemda som er presentert i varselet. Det er også behov for ei nærare klargjering om arealet også er tenkt nytta til andre typar nærings- eller industriverksemd.

Vurdering av alternativ

I oppstartsvarselet blir det vist til: «Det er vurdert fire aktuelle områder for etablering av biogassanlegg. Dei 4 lokalitetane som vart vurdert var Tryglavik, Bakka i Strandebarm, Lindenes og Utne. Tryglavik vart bestemt som lokasjon etter ei vurdering knytt til mellom anna transportkostnader. Rapport frå Rambøll "Logistikkanalyse – leveranse av råvarer til biogassproduksjon" frå 2021 tar føre seg desse kostnadane ved transport av husdyrgjødsel til dei alternative lokalitetane».

Utgangspunktet for konsekvensutgreiingar er at «relevante og realistiske alternativ» skal vurderast, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 14. Vi føreset at konsekvensutgreiinga belyser dei alternativ forslagsstillar har vurdert, og at dette blir synleggjort i planarbeid, kva som har blitt lagt vekt på i valg av lokalitet og at dette blir tatt med i utforminga av planprogram. Det er viktig at det blir



gjennomført tilstrekkelege og grundige analyser i eit langsiktig perspektiv. Det må også klargjerast kva type næringsverksemdar, forutan biogassanlegg, som kan vere aktuelt å utvikle innanfor arealet med omsyn til ROS-analysen og konsekvensutgreiinga. Det må særleg vurderast om det aktuelle arealet er eigna for føremålet som det no skal leggjast til rette for, eller om det eksisterer andre områder i Ullensvang kommune som kan høve betre. Konsekvensutgreiinga skal også skildre noverande miljøtilstand og skal også gje eit oversyn over korleis miljøet vil utvikle seg om planen eller tiltaket ikkje blir gjennomført (null-alternativet).

Samfunnstryggleik og beredskap/ ROS-analyse

Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å samordne arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i fylket. Statsforvaltaren skal sjå til at omsynet til samfunnstryggleik vert ivaretatt i samband med arealplanar. Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl. § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

Vi viser m.a. til Kommunal- og distriktsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» og til Meld. St. 5 (2020-2021) Samfunnssikkerhet i en usikker verden der det i sistnemnde m.a. står:

«For å tydeliggjøre at vurderingar av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst: Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området. Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko».

Og vidare:

«Ved behov må akseptabel risiko avklares med overordnet instans».

I oppstartsvarselet blir det vist til at det skal leggjast til rette for djupvasskai. ROS-analysen må også belyse om det eksisterer fare for sivil infrastruktur og allmenne interesser, som td. kollisjonsrisiko mellom båtar. Ullensvang kommune skriv at det vil bli gjennomført ei skredfarekartlegging, og at det vil bli tatt omsyn til stormflo og havnivåstigning.

Biogassanlegg

I oppstartsvarselet går det fram, avsnitt 2.4, at planarbeidet vil leggje til rette for eit biogassanlegg, og at arealbehovet er på om lag 8-10 daa. Det er ikkje gjeve konkret informasjon i oppstartsvarselet om størrelse og produksjonskapasiteten til det planlagde biogassanlegget. Vi føreset at det blir gjeve fleire opplysingar med omsyn til mengde/ volum, produksjonsmetode, lagring av biogass innanfor planområdet og transport. Det er behov for å klargjere kva type biogassanlegg det skal leggjast til rette for innanfor planområdet.

Biogassanlegg kan kome inn under storulykkeforskrifta. Vi viser til at Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) er både fagmynde og høyringsinstans for plansaker som omfattar storulukkeverksemdar (jf. [storulykkeforskrifta](#)), og vi tilrår å involvere DSB så tidleg som råd i planprosessen, så sant biogassanlegget det skal leggjast til rette for fell inn under vilkåra i storulykkeforskrifta.



Rettleiar om storulykkeforskrifta:

https://www.dsb.no/contentassets/d64a8ad56281432fa286f2d6a68efa3c/storulykkeforskrift-mveiledning_april_2021.pdf

Vi viser også til temarapport frå DSB om «Sikkerheten rundt anlegg som håndterer brannfarlige, reaksjonsfarlige, trykksatte og eksplosjonsfarlige stoffer: Kriterier for akseptabel risiko»:

[sikkerheten rundt anlegg som handterer brannfarlige reaksjonsfarlige trykksatte eksplosjonsfarlige stoffer.pdf \(dsb.no\)](#)

ROS-analysen til planen skal gjere greie for om området og plasseringa er ein eigna stad for eit produksjonsanlegg for biogass. Det er viktig at ein i ROS-analysen til planen vurderer det samla risikobilete for heile industriområdet med omsyn til etablering av eit biogassanlegg. Samlokalisering av ulike typar næringsverksemdar må vurderast, m.a. avklare om det er tilrådeleg å kombinere biogassanlegg med anna næring innanfor det aktuelle planområdet, td. kan det vere aktuelt å ta omsyn til kaskadeeffektar.

Eventuelle negative verknader for miljø- og naturverdiar må klarleggjast, jf. rundskriv T-2/16 rev. februar 2021, avsnitt 3.13.

Vi tilrår også å involvere brannsjef/lokalt brannvesen så tidleg som mogleg i planprosessen, for å sikre lokale brann- og redningsfaglege vurderingar og ev. behov for nye beredskapstiltak i/for kommunen.

Strandsone

Forvaltninga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FN's berekraftsmål. Etter lova skal ein i 100-metersbeltet langs sjø særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Konsekvensutgreiinga må

Lovførearbeida, Ot. prp. nr. 32 (2007-2008) s. 174, viser til at pbl. § 1-8 også skal leggjast til grunn ved utarbeiding av nye planar. Statlege planretningslinjer skal som kjent «*legges til grunn*» for kommunal planlegging, jf. pbl. § 6-2. Vi føreset også at *Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen* blir lagt til grunn for utarbeidinga av planforslaget. Retningslinjene skal bidra til at det blir tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser i strandsona. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (*vedtatt ved kgl. Res. 14. mai 2019*), ss. 16 og 19, viser til tydinga av at desse omsyna blir tilstrekkeleg vurdert i spørsmål knytt til arealutvikling. Ullensvang kommune ligg i «*sona 3*» etter dei statlege planretningslinjene.

Barn og unges interesser

Vi føreset også at det blir undersøkt og gjort greie for om området har tyding for «barn og unges interesser» eller om planforslaget kan ha verknader og konsekvensar for desse interessene i tilgrensande områder, jf. pbl. § 1-1 og rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (FOR-1995-09-20-4146).

Vi viser også til rettleiar for barn og unge i plan og byggjesak (09.11.2021),

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rettleiar-om-barn-og-unge-i-plan-og-byggesak/id2885953/>



Landskap

I kartlegging av landskap i Hordaland inngår Tryglavik i eit landskapsområde som regionalt er rekna til å ha «Stor verdi». Planar skal bidra til å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap, jf. pbl. § 3-1 bokstav b. Verknader for landskap er relevant i vurderinga av planforslaget. Visualisering av tiltaket med både fjern- og nærperspektiv vert difor ein viktig del av planarbeidet. Det må gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering av korleis tiltaket vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Estetikk og utforming av bygg, anlegg, teknisk infrastruktur, djupvasskai og industriområdet må skildrast nærare.

Friluftsliv

Det er varsla at friluftsliv er eit tema i konsekvensutgreiinga. I grunnlagsdokumentet, avsnitt 3.12, blir det vist til at det er ei strand som blir nytta badeplass for lokale/ turistar. Djupvasskai er planlagt i strandområdet og vika. Det må gjerast greie for allmenne interesser sin bruk av området til rekreasjon, opphald, fiske ol. Allemannsretten gjeld også for sjøområdet, og det må klarleggjast om etablering av ein djupvasskai i dette område også kan ha verknader for allmenne interesser med omsyn til industriverksemd og skipstrafikk.

Naturmangfald

Kunnskapsbehovet må stå i samsvar med omfanget av tiltaket. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg å basere seg på eksisterande kunnskap. Vi forventar at konsekvensutgreiingsarbeidet hentar inn ny kunnskap og gjennomfører kartlegging av området med omsyn til både terrestrisk og marint naturmangfald, og at verknadane av tiltaket for naturmangfaldet blir klarlagt. Utgreiingar og feltundersøkingar av naturmangfald skal følgje offentleg metodikk og skal utførast av personar med relevant fagleg kompetanse, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17. Sjå til dømes rettleiar frå Miljødirektoratet M-1324-2019 og rettleiar for klima og miljø i konsekvensutgreiingar (M-1941).

Vi viser også til kunnskapsrettleiaren frå Havforskningsinstituttet gjeldande marine naturverdiar og tiltak i kystsona:

[Kunnskapsveileder for marine naturverdiar og tiltak i kystsonen | Havforskningsinstituttet \(hi.no\)](https://www.havforskning.no/kunnskapsveileder-for-marine-naturverdiar-og-tiltak-i-kystsonen)

Vi føreset at det blir gjennomført ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa etter naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, og at vurderinga går fram av konsekvensutgreiinga og det endelege vedtaket i saka, jf. nml. § 7 og konsekvensutgreiingsforskrifta § 21.

Kulturminne

Vestland fylkeskommune er regional kulturminnemyndigheit. Vi føreset at planframlegget vert drøfta nærare med fylkeskommunen, og at dei får høve til å gje innspel på kulturmiljø- og kulturminnetemaet i samband med førebuinga av konsekvensutgreiingsarbeidet.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.



Støy og forureining

Verknader av støy for evt. bustader, fritidsbustader og uteområde i influens- og planområdet må utgreiast. Vi føreset at retningslinje T-1442/2021 vert lagt til grunn for konsekvensutgreiingsarbeidet for temaet støy, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 21. Konsekvensutgreiinga må ta omsyn til støy i samband med anleggs- og driftsperiode. I retningslinje t-1442 vert det vist til at kommunen bør *«unngå å lokalisere nye støykilder slik at verdifulle stille områder forsvinner eller reduseres i omfang. Fravær av støy er en forutsetning for at friluft- og rekreasjonsområder og kulturmiljøer skal ha full verdi»*. I retningslinjer til T-1442, avsnitt 3.5.2, vert det tilrådd at støylast bør vurderast ved etablering av ny verksemd opp mot kva karakter dei berørte områda og bruken av desse har.

Vi føreset at planforslaget også gjer greie for om verksemda innanfor planområdet medfører utfordringar knytt til støv, lukt, lys og anna forureining. Det bør også belysast om auka transport på land og til sjøs til og frå eit evt. utvida næringsområde vil medføre særlege utfordringar for befolkninga i nærområdet.

Tiltakshavar må leggje til grunn «Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen» (T-1442/2021), ny og oppjustert retningslinje, i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet: <https://www.regjeringen.no/contentassets/7d2793f6d8254e4b9cc2c4f33592657f/t-1442-2021.pdf>

Tilhøyrande rettleiar til T-1442/2021 er M-2061 «Veileder om behandling av støy i arealplanleggingen»: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/stoy/for-myndigheter/veileder-om-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging/>

I planarbeidet må ein også ta omsyn til mottaksordning for avfall i utforming av føresegner og mogleg hamneanlegg, jf. forureiningsforskrifta (FOR-2004-06-01-931) kap. 20.

Luftforureining

Retningslinje T-1520 skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova. Planforslaget må vurderast i høve «Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging» (T-1520). I retningslinja blir det vist til: «Etablering av ny virksomhet som vil medføre vesentlig økning i luftforurensningen (se kapittel 8, definisjoner). Dette kan være samferdselsanlegg, tekniske anlegg (VAR-anlegg, biogassanlegg m.fl.), større boligprosjekter, institusjoner, kjøpesenter, forretning, råstoffutvinning, industri eller annen næring».

Vi føreset at vurdering av dette temaet inngår i planarbeidet, jf. rundskriv T-2/16 – revidert februar 2021, avsnitt 3.2.

Klima og energi

Konsekvensutgreiinga må også ta omsyn til statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (FOR-2018-09-28-1469). Planretningslinja skal som kjent leggjast til grunn for planarbeidet, jf. pbl. § 6-2.

Vi viser også til NVEs «Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar» (nr. 4/2022), https://publikasjoner.nve.no/veileder/2022/veileder2022_04.pdf

Massehandtering

Det må gjerast greie for konsekvensar av terrenginngrep og utfylling i sjøområdet.

Vi føreset vidare at det i konsekvensutgreiingsarbeidet blir føretatt ei berekraftig tilnærming til spørsmålet om massehandtering i tråd med avfallspyramiden, og at det blir utarbeidd



massehandteringsplan. Det må gjerast greie for massebalanse, krav til kvaliteten på massar og eigenskapen til massane som skal nyttast må gjerast greie for, planeringskoter, areal for utfylling i sjø og volum (m³) steinmassar som utfyllinga vil krevje inkludert fyllingsfot i sjø. Terrenginngrepet må ikkje vere meir omfattande enn naudsynt. Det må vere fokus på gjenbruk og resirkulering av eventuelle overskotsmassar frå prosjektet. Vi føreset at det vert fastsett klare føresegner for handtering av massar i plan og at det blir føretatt plangrep for å redusere overskotsmassar, etterbruk, avslutning, fristar, istandsetting og ei forsvarleg massehandtering.

Vi viser til faktaark M-1242/2018 frå Miljødirektoratet om «Mellomlagring og sluttdisponering av jord og steinmasser som ikke er forurenset»:

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M1243/M1243.pdf>

Vi viser også til faktaark M-1085/2018 frå Miljødirektoratet om «Problemer med plast ved utfylling av sprengstein i sjø»:

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1085/m1085.pdf>

Konsekvensutgreiingsarbeidet må også ta stilling til grunnundersøkingar i sjø- og landområdet med omsyn til utfyllingsområdet. Vi viser til rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling», s. 12, der det går fram: «Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens §4-3 vil da ikke være oppfylt».

Vassforskrifta

Konsekvensutgreiingsarbeidet må gjere nærare greie for tiltaket og eventuelle verknader for vassførekomstar, jf. vassforskrifta (FOR-2006-12-15-1446) § 12.

Planframlegget må drøfte VA-infrastruktur og vassforsyningskjelder som er tenkt nytta i planområdet.

Medverknad

Alle som fremjar eit planforslag skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging. Etter kommunelova § 5-12 skal kommunen også ha eit ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing – vi føreset at det også vert henta inn synspunkt og råd frå desse utvala i samband med planarbeidet.

Vi føreset at planforslaget også blir gjort kjent for barn og unges representant i Ullensvang kommune, jf. plan- og bygningslova § 3-3 tredje ledd.

Kommunen kan på bakgrunn av høyringa og egne vurderingar, ta stilling til om konsekvensutgreiinga oppfyller krava etter konsekvensutgreiingsforskrifta kap. 5, eller om det er behov for tilleggsutgreiingar eller ytterlegare dokumentasjon, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 27.

Ny kunnskap som vert henta inn i samband med konsekvensutgreiing

Data som vert henta inn i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet skal systematiserast og leggjast inn i offentlege databasar, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 24. For nærare rettleiing om metodikk og databasar for innlegging av data sjå rettleiar M-1324/2019 frå Miljødirektoratet, <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1324/m1324.pdf>



Avsluttande merknader

Vi gjer merksam på at uttalen her gjeld i høve dei opplysningane som er presentert i oppstartsvarselet. Dersom dei momenta som vi har trekt fram vert lagt til grunn og handterte i planarbeidet, vil Statsforvaltaren kunne vurdere planen sine verknader i høve til vårt sektoransvar ved offentleg ettersyn. For å sikre god framdrift i planprosessen stiller Statsforvaltaren difor gjerne på møter saman med kommunen, dersom det er ønskjeleg å avklare vesentlege nasjonale interesser tidleg i planprosessen. Vi oppmodar om at kommunen nyttar regionalt planforum til å presentere planutkast før offentleg høyring.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Nicolas J. I. Rodriguez
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune